

## Fana

### 0. Disposisjon

1. Kommune og bygder ➤
2. Lytt på dialekten ➤
3. Nokre særdrag ➤
4. Ein liten grammatikk ➤
  - 4.1. Lydverket ➤
    - a. Lydane ➤
    - b. Lydmønster ➤
  - 4.2. Bøyingsverket ➤
    - a. Substantiv ➤
    - b. Verb ➤
    - c. Adjektiv ➤
    - d. Pronomen ➤
5. Ord og uttrykk ➤
  - 5.1. Ordsamling ➤
  - 5.2. Uttrykk ➤
6. Forskjellar ➤
  - 6.1. Geografiske forskjellar ➤
  - 6.2. Yngre og eldre dialekt ➤
7. Dialektpørver ➤
8. Kjelder ➤

### 1. Kommune og bygder

Markering av bygder

Kart-inngangar ➤ K

- Eigen kommune fram til 1972, no ein del av Bergen
- Areal: 204 km<sup>2</sup>
- Den tidlegare kommunen utgjer no bydelane Fana og Ytrebygda
- Innbyggjartal per 31.12.00: Fana 31 620, Ytrebygda 20 256
- Sentrum: Nesttun
- Gode jordbruksareal
- Sterkt utbygd område
- Mykje småindustri
- Fleire større verksemder og skipsreiarlag har kontora sine her

### 2. Lytt på dialekten

➤ L Klikk her og hør i eit kort opptak frå Fana.

- Hva slags skole var det du gikk på når du vokste opp?

- Då gjekk eg på Søreide skule. Då var det den som var i det området her, og den er nå ein av dei eldste skulane i Fana. Og i frå Søvikje så var det nå litt avstand å gå. Eg hadde barneåra i krigen. Og det var dette med sko og klede då, så litt med den skulevegen. Det hugsar eg, når eg skulle gå i tresko frå Søvikje til Søreide, så var det nok ja. Men det var triveleg og godt samhold, og dei aller fleste hadde eit eller anna lokalt etternamn når eg starta skulen i ein-og-førsti, og ein ja ein tolv-femten i klassen.
- I din klasse?
- Ja.
- Men hvor mange klasser, var det bare en klasse på skolen, eller?
- Nei, heiter det fådelt? For første klassen var for seg, andre og tredje i lag, fjerde og femte i lag, og sjette og sjuande i lag. Og då var det to lærarar til dette her sånn at det var skiftevis, og ein møtte på skulen annankvar dag.

Denne dialektteksten finst også med lydskrift (sjå punkt 7).

#### ➤ T Om informantane [Alder og heimstad]

Mann, f.1934, Ytrebygda bydel, tidlegare Fana kommune.

### 3. Nokre særdrag

#### ➤ Info om lydskrifta Norvegia

Dialekten her har dei vanlege sørvestlandske ➤T[eigen art.]K draga.

Dialektområdet for fanadialekten er delt i to. Forskjellen går igjen i tre drag:

- 1) I sørlegaste delen av Fana endar dei sterke hokjønnsorda (dvs. dei som ikkje endar på -a i oppslagsforma) på -o i bestemt form eintal (*božo, nålo*), i samsvar med dialekten i Os og elles i Sunnhordland. Andre stader i Fana får desse -e (*bože, nåle*).
- 2) Sør i Fana kan me finna innskotsvokal i notid av sterke verb når følgjande ord tek til med konsonant (*drikke, lese*).
- 3) I sør kan me også finna innskotsvokal i adjektiva når substantiva etter står i ubestemt form eintal (hankjønn og hokjønn): *ein store gut, ei store bož*.

Den sørlege varianten vil i det følgjande bli framstilt som "Dialekt B". Resten av fanadialekten har mange av dei nordhordlandske ➤T[eigen art.]K draga, dvs. at

- infinitivar endar på -a ➤T[eigen art.]K: *å kasta, å laga*
- svake hokjønnsord endar på -a i ubestemt form eintal ➤T[eigen art.]K: *ei visa, ei jente*

- det er skilnad i bøyninga av svake og sterke hokjønnsord i bestemt form eintal (men ikkje i fleirtalsformene) ➤T[eigen art.]K:

<i>visa</i>	<i>viso</i>	<i>vise</i>	<i>visena</i>
<i>bu</i>	<i>bue</i>	<i>bue</i>	<i>buena</i>

- i den eldre dialekten er det vanleg med palatale lydar (dvs. lydar med j-klang) ➤T[eigen art.]K: *vedden, finjen*
- dei personlege pronomena i første person er *eg* i eintal og *me* i fleirtal ➤T [eigen art.]K

## 4. Ein liten grammatikk

### 4.1. Lydverket

#### a. Lydane

Vokalane i dialekten er dei vanlege *a, e, i, o, u, y, ø, å, au, ei, øy*. Dessutan har ein “tilleggsvokalane”:

*ɛ* som er ein open e-lyd, ein *æ*-farga *e*. Føre *r* er denne lyden gjerne litt

opnare enn andre plassar.

*ɔ* som er ein *å*-lyd med *ø*-klang.

Konsonantane er dei vanlege me kjenner frå skriftmålet: *b, d, f, g, h, j, k, l, m, n, p, r, s, t, v*. Dessutan har dialekten desse “tilleggskonsonantane”:

*ʃ, ʒ*, som blir uttalte med å pressa tunga mot ganen litt lenger fram enn der ein uttaler *k* og *g*, og så opna for lufta med ein liten “eksplosjon”. I fagspråket kallar me desse lydane for **affrikatar**. Dei svarar ofte til skrivemåten *kj* og *gj* i nynorsk: *tənʃa, bydʒa* 'tenkja, byggja'. Men desse to lydane vekslar også ofte med *k* og *g* i bøyninga av ord, og det blir kommentert under bøyingsverket (pkt. 4.2.a)

*ŋ*, som blir uttalt med å pressa bakre delen av tunga mot ganen mens ein slepper lufta ut gjennom nasen. I fagspråket kallar me denne lyden for ein **velar nasal**: *kærɪŋ*.

Som dei fleste andre dialektane i Norhordland har ikkje Fanadialekten tonemforskjell; ein skil ikkje i tonelag mellom t.d. *vise* (adjektiv 'kloke') og *viset* (substantiv 'måten').

#### b. Lydmønster

Etter *d, l, n, r, s* og *t* vert den trykklette stavinga *-en* uttalt som *'n*, dvs. at vokalen fell ut og *n-en* åleine vert uttalt som *ei* staving. Det heiter altså for eksempel *gris'n* og ikkje *grisen*.

## 4.2. Bøyingsverket

### a. Substantiv

Det dominerande bøyingsmønsteret for **hankjønnsorda** blir vist nedafor. Ein del ord i denne gruppa endar på *-e* i oppslagsforma (*time*), mens andre ikkje gjer det (*hest*). Me har difor plassert *e*-en i ein parentes.

- |    |   |              |            |           |             |
|----|---|--------------|------------|-----------|-------------|
| 1. | – | ( <i>e</i> ) | <i>-en</i> | <i>-a</i> | <i>-ane</i> |
|----|---|--------------|------------|-----------|-------------|

Det vil seia at *hest* og *time* blir bøygde slik:

<i>hest</i>	<i>hest'n</i>	<i>hesta</i>	<i>hestane</i>
<i>time</i>	<i>timen</i>	<i>tima</i>	<i>timane</i>

På grunn av at endinga *-en* i *hesten* står etter *-t*, blir ordet i bestemt form eintal uttalt *hest'n*, jf. pkt. 4.1.b.

Ei gruppe hankjønnsord har *e* i fleirtalsendingane:

- |    |   |            |           |             |
|----|---|------------|-----------|-------------|
| 2. | – | <i>-en</i> | <i>-e</i> | <i>-ena</i> |
|----|---|------------|-----------|-------------|

Slik går m.a. *sau*, *søkk* og *vøtt*, altså på denne måten:

<i>sau</i>	<i>sauen</i>	<i>sae</i>	<i>sauena</i>
<i>vøtt</i>	<i>vøtt'n</i>	<i>vøtte</i>	<i>vøttena</i>

Avvikande bøying frå dette i hankjønn finn ein i:

- |            |              |            |               |
|------------|--------------|------------|---------------|
| <i>fot</i> | <i>fot4n</i> | <i>föt</i> | <i>föt'na</i> |
|------------|--------------|------------|---------------|

Ein del ord med stavinga *-ar* og *-el* følgjer første bøyingsmønsteret, men dei får samandraging i fleirtal:

<i>hammar</i>	<i>hammar'n</i>	<i>hamra</i>	<i>hamrane</i>
<i>lykkel</i>	<i>lykkel'n</i>	<i>lykla</i>	<i>lyklane</i>

Dei fleste **hokjønnsorda** har dette bøyingsmønsteret:

- |    |   |           |           |             |
|----|---|-----------|-----------|-------------|
| 3. | – | <i>-e</i> | <i>-e</i> | <i>-ena</i> |
|----|---|-----------|-----------|-------------|

Dermed får orda *bu* og *sak* slik bøying:

<i>bu</i>	<i>bue</i>	<i>bue</i>	<i>buen</i>
<i>sak</i>	<i>sak</i>	<i>sak</i>	<i>sakena</i>

- |    |   |          |           |           |             |
|----|---|----------|-----------|-----------|-------------|
| 4. | – | <i>a</i> | <i>-o</i> | <i>-e</i> | <i>-ena</i> |
|----|---|----------|-----------|-----------|-------------|

<i>visa</i>	<i>viso</i>	<i>vise</i>	<i>visena</i>
<i>veka</i>	<i>veko</i>	<i>veke</i>	<i>vekena</i>

Svært mange hokjønnsord følgjer eit anna mønster, som har vokalen *-a* i fleirtal:

5.	–	– <i>e</i>	– <i>a</i>	– <i>ane</i>
----	---	------------	------------	--------------

Slik bøyning har f.eks. *myr* og *øy*:

<i>myr</i>	<i>myrə</i>	<i>myra</i>	<i>myrane</i>
<i>øy</i>	<i>øyne</i>	<i>øya</i>	<i>øyane</i>

Dialekt B: I sørlegaste delen av Fana endar dei hokjønnsorda som ikkje endar på *-a* i oppslagsforma, på *-o* i bestemt form eintal:

<i>bu</i>	<i>buo</i>	<i>bue</i>	<i>buena</i>
<i>myr</i>	<i>myro</i>	<i>myra</i>	<i>myrane</i>

Desse orda har avvikande bøyning frå dei to hovudmønstera i hokjønn:

<i>klo</i>	<i>klone</i>	<i>klø</i>	<i>klødn’na</i>
<i>mor</i>	<i>more</i>	<i>mør</i>	<i>mør’na</i>

**Inkjekjønnsorda** har desse bøyingsmønstra:

6.	–	– <i>e</i>	–	– <i>e/-ena</i>
----	---	------------	---	-----------------

Orda *hus* og *spadn* får dermed denne bøyninga:

<i>hus</i>	<i>huse</i>	<i>hus</i>	<i>husə/husena</i>
<i>spadn</i>	<i>spadne</i>	<i>spadn</i>	<i>spadnə</i>

Ord som endar på *-e* i oppslagsforma, får oftast endinga *-ena* i bunden form fleirtal (*eplena*).

Men nokre eldre fanafolk held gjerne på endinga *-e* i denne forma (*eple*), jf. pkt. 6.2:

7.	– <i>e</i>	– <i>e</i>	– <i>e</i>	– <i>e/-ena</i>
	<i>eple</i>	<i>eple</i>	<i>eple</i>	<i>eple/eplena</i>
	<i>høve</i>	<i>høve</i>	<i>høve</i>	<i>høve/høvena</i>

Ei lita gruppe inkjekjønnsord som endar på *-a* i ubunden form eintal, blir bøygde slik:

8.	– <i>a</i>	– <i>a</i>	– <i>e</i>	– <i>ena</i>
----	------------	------------	------------	--------------

Dette gjeld m.a. ordet *aua* (auga) som då har desse bøyingsformene:

<i>aua</i>	<i>aua</i>	<i>aue</i>	<i>auena</i>
------------	------------	------------	--------------

**Palatalisering** kallar me det at ord som *bok* heiter *boķa*, *sag* heiter *saja*, *finj* heiter *finjen*, og *vegg* heiter *vedđen* i bestemt form eintal. Ein *k* eller ein *g* framom endingane som blir nemde nedafor, blir altså skifta ut med ein annan konsonant slik at *k* blir skifta ut med *č*, mens *g* blir bytt ut med *đ* etter kort vokal (jf. *vegg*) og med *j* etter lang vokal (jf. *sag*) og etter *n* (jf. *finj*). I substantiva skjer denne palataliseringa framom endinga i desse tilfella:

- i eintal av hankjønnsord,
- i eintal av hokjønnsord som ikkje endar på *-a* i oppslagforma,
- i fleirtal av hokjønnsord med *-e* og *-ena* som endingar (dvs. klasse 3 ovafor), og
- i heile inkjekjønn.

## b. Verb

Dei **svake verba** kan me setja opp i seks klassar med desse bøyingsendingane:

### 1. *kasta*-klassen:

–      *a*                  *-a*                  *-a*                  *-a*

Slik boyer ein kanskje dei fleste verba, f.eks.

*kasta*                  *kasta*                  *kasta*                  *kasta*

### 2. *døma*-klassen:

–      *a*                  *-e*                  *-de*                  *-t/-d*

Etter dette mønsteret boyer ein altså slik:

<i>gløyma</i>	<i>gløyme</i>	<i>gløymde</i>	<i>gløymd</i>
<i>lysa</i>	<i>lyse</i>	<i>lyste</i>	<i>lyst</i>

Verba i denne klassen som har konsonantane *g*, *m* eller *v* føre endinga, som t.d. *jaga*, *gløyma*, *leva* osv., får endinga *-de* i fortid. Dersom verbet har ein av konsonantane *k*, *l*, *n*, *p*, *r*, *s* eller *t* føre endinga, blir fortid laga med å leggja til *-te*: å *lysa* – *lyste*, å *tapa* – *tapte*.

### 3. *greia*-klassen:

–*a*                  –*e*                  –*dde*                  –*dd*

Altså:

<i>greia</i>	<i>greie</i>	<i>gredde</i>	<i>gredd</i>
<i>nøya</i>	<i>nøye</i>	<i>nødde</i>	<i>nødd</i>

Når desse verba får tillagt endingane *-dde* og *-dd*, blir altså vokalen framom kort. Typisk for verba i denne klassen er at dei har diftong framom infinitivs-*a-en*: *greia*, *leia*, *bøya*.

### 4. *meina*-klassen:

–      *a*                  *-a*                  *-de*                  *-t*

Desse verba liknar på *kasta*-klassen i notid og *døma*-klassen i fortid og i partisippet:

*laga*                  *laga*                  *lagde*                  *lagt*

<i>tena</i>	<i>tena</i>	<i>tente</i>	<i>tent</i>
<i>spela</i>	<i>spela</i>	<i>spelte</i>	<i>spelt</i>

Her som i *døma*-klassen finst to endingar i fortid alt etter kva konsonant som står framom endinga: *spelte* med *-te* og *lagde* med *-de*. Verba som følgjer denne klassen, er helst slike som har éin konsonant etter vokalen: *bruka*, *våga* osv.

#### 5. *telja*-klassen:

–	<i>a</i>	–	<i>*-de</i>	<i>*-t</i>
---	----------	---	-------------	------------

Her set me stjerne framom endingane i fortid og partisipp, for det som først og fremst skil klassen frå *døma*-klassen, er at rotvokalen i verbet skiftar:

<i>telja</i>	<i>tel</i>	<i>talde</i>	<i>talt</i>
<i>vælja</i>	<i>væl</i>	<i>valde</i>	<i>valt</i>

#### 6. *nå*-klassen:

–	–	<i>-r</i>	<i>-dde</i>	<i>-dd</i>
---	---	-----------	-------------	------------

Verba som går etter denne klassen, har inga ending i infinitiv, og altså *-r* i notid:

<i>bu</i>	<i>bur</i>	<i>budde</i>	<i>budd</i>
<i>sy</i>	<i>syr</i>	<i>sydde</i>	<i>sydd</i>

Dei sterke verba skil seg ut frå dei svake ved først og fremst å vera særprega av vokalskifte i stammen mellom bøyingsformene, som me ser f.eks. i *grava* – *græv* – *grov* – *grave*. Her er skiftet altså *a* – *ɛ* – *o* – *a*. Dessutan er det inga ending i fortid (*grov*), og perfektum partisipp har endinga *-e* (*grave*). Dei sterke verba blir også delte inn i klassar, og då etter vokalskifta. Den vanlege inndelinga stiller me opp nedafor, men det er ein del mindre avvik innafor kvar klasse.

#### 1. klasse (*i* – *i* – *ei* – *e*):

<i>bita</i>	<i>bit</i>	<i>beit</i>	<i>bete</i>
<i>slita</i>	<i>slit</i>	<i>sleit</i>	<i>slete</i>

#### 2. klasse (*y* – *y* – *au* – *ó*):

<i>bryta</i>	<i>bryt</i>	<i>braut</i>	<i>bröte</i>
<i>sjyta</i>	<i>sjyt</i>	<i>skaut</i>	<i>sköte</i>

#### 3. klasse (*i/ɛ* – *i/ɛ* – *a* – *u/ó*):

<i>fidna</i>	<i>fidn/fint</i>	<i>fant</i>	<i>fudne</i>
<i>drikka</i>	<i>drikk</i>	<i>drakk</i>	<i>drokke</i>
<i>brødna</i>	<i>brødn</i>	<i>bradn</i>	<i>brödne</i>
<i>svælta</i>	<i>svælt</i>	<i>svalt</i>	<i>svölte</i>

4. klasse (*e – e – a – o*):

<i>børa</i>	<i>bør</i>	<i>bar</i>	<i>børe</i>
<i>sjøra</i>	<i>sjør</i>	<i>skar</i>	<i>skøre</i>

5. klasse (*e – e – a – e*):

<i>løsa</i>	<i>løs</i>	<i>las</i>	<i>lese</i>
<i>drøpa</i>	<i>drøp</i>	<i>drap</i>	<i>drepe</i>

6. klasse (*a – e – o – a*):

<i>grava</i>	<i>grøv</i>	<i>grov</i>	<i>grave</i>
<i>mala</i>	<i>møl</i>	<i>mol</i>	<i>male</i>

Nokre av dei sterke verba får bøyinger som minner noko om dei svake, f.eks.

<i>be</i>	<i>ber</i>	<i>ba</i>	<i>bett/bee</i>
<i>je</i>	<i>jer</i>	<i>ga</i>	<i>jitt</i>
<i>stå</i>	<i>står</i>	<i>sto</i>	<i>ste</i>
<i>slå</i>	<i>slør</i>	<i>slo</i>	<i>sleie</i>
<i>få</i>	<i>får</i>	<i>føkk</i>	<i>fått</i>

Dialekt B: Sør i Fana kan me finna innskotsvokal i notid av sterke verb når følgjande ord tek til med konsonant:

<i>drikka</i>	<i>drikke</i>	<i>drakk</i>	<i>drokke</i>
<i>løsa</i>	<i>løse</i>	<i>les</i>	<i>lese</i>

**c. Adjektiv**

Adjektiva har me hovudsakleg to typar av: 1) dei som endar på *-en* i oppslagsforma (f.eks. i ordboka), og 2) dei som ikkje gjer det. Adjektiva får bøying i samsvar med substantivet dei står til, og dermed får dei slike bøyinger:

1) <i>ein røt'n båt</i>	<i>ei røte grein</i>	<i>eit røte snøre</i>	<i>røtne</i>
<i>greine</i>			

På grunn av at endinga *-en* i *røten* står etter *t*, blir ordet uttalt *røt'n*, jf. pkt. 4. 1. b.

2)	<i>ein gammal mann</i>	<i>ei gammal kjerinj</i>	<i>eit gammalt hus</i>	<i>gamle menn/</i>
		<i>kjerinja/hus</i>		

Dialekt B: Sør i Fana kan me finna innskotsvokal i denne forma (hankjønn og hokjønn eintal):

<i>ein store mann</i>	<i>ei store kjerinj</i>
-----------------------	-------------------------

Dermed er bøyingsmønstera slik:

1A+B) -en	-e	-e	-ne
2A) -	-	-t	-e
2B) -e	-e	-t	-e

Dersom substantivet står i bestemt form, har adjektivet endinga -(n)e i hankjønn og -(n)a i hokjønn og inkjekjønn:

Eintal		Fleirtal	
Hankjønn	Hokjønn og inkjekjønn		
rötne	rötna		rötne
store	stora		store

## d. Pronomen

Dei personlege pronomena er desse:

	Eintal					Fleirtal		
	1. pers.	2. pers.	3. pers.			1. pers.	2. pers.	3. pers.
			hankjønn	hokjønn	inkjekjønn			
subjektsform	eg	du	hann	ho	da	me	de	dei
avhengig form	meg	døg	hann	høne	da	øss	dåke	dei

Dei peikande pronomena i Fana har denne bøyингa:

Eintal			Fleirtal		
Hankjønn	Hokjønn	Inkjekjønn	Hankj. og inkjekj.		Hokj.
dann	dann	da	dei		dei
dønne	dønna	døtta	døsse		døzsa
danne	danna	datta	dasse		dassa
hinn	hi	hitt	hine		hina

Pronomenrekka *dønne* viser til noko nært, mens rekka *danne* viser til det fjerne. Det vil seia at vokalane *e* og *a* markerer dette skiljet.

## 5. Ord og uttrykk

Nokre av desse orda og uttrykka kan vera mindre vanleg i aktiv bruk.

### 5.1. Ordsamling

*augnafara* (verb): å synfara på ein gjennomtrengjande måte

*frøkkale* (substantiv inkjekjønn, bunden form eintal): forkledet

*gar* (substansiv hankjønn): eit ope tun mellom husa

*laus/lause* (adjektiv): sprek, flink

*rekkja* (verb): gå sakte

*skrødla* (verb): bråka, skryta

*sju'ndę* (adjektiv): sjuande

*sjonnafer* (substansiv hokjønn): gravferd

*sjoargrønn* (substansiv hokjønn): grind på vegen mellom tunet og naustet (sjå *sjoarveg*)

*sjoarveg* (substansiv hankjønn): veg frå tunet til naustet

## 5.2. Uttrykk

*bę seg*: tigga

*fiska frå seg*: verta ferdige med fiskinga

*hiva da på gar'n*: kasta det ut på tunet

*ķedna fisk*: få fisk

*lonsa ut mat'n*: fordela maten til medlemene av huslyden

*mørkna ute*: vera ute så lenge at det vert mørkt på ein

*te båts*: vera ombord i båten

*vera såmm vatn i trog*: vera eit usjølvstendig menneske

*Ein kann jera ein sjelm urett \og.*

*Ein ska'ke jera seg te honn før eit bein.*

*Da e låk fuggel so sjebme sitt eije reir.*

*Da e gale da e sagt, da e vørre da e sant.*

*Da to har i mydle seg, ķem ikke denn treie ved.*

*Ja, ķedne du'ke fesk på Stølen, so e' da'kkje fesk i sjødn:* Ja, får du ikkje fisk på Stølen (fiskegrunn utfor Hjellestad), så er det ikkje fisk i sjøen.

*Når enn sóv te sole sjin på magen (majen), lyt ein sprinjja heile dagen (dajen).*

*Når vøsalmann får vedle, vørt da korke era edle attehelde.*

*Rekkja no fint i rad, sa ķerinja, ho hadde berre ei ķyr.*

## 6. Forskjellar

### 6.1. Geografiske forskjellar

Sjå pkt. 3 om den sørlege varianten av fanadialekten. Me kan også finna innskotsvokal i notid av sterke verb (*drikke, læse*) i Ytrebygda (fastlandet innanfor øyane i skipsleia til Sund). Her er målet blitt påverka av sundmålet.

Når det gjeld den yngre fanadialekten, har han store likskapar med bergensdialekten (sjå eiga skisse for dialekten i Bergen). Dette er ei utvikling dialekten i Fana ikkje er åleine om, men som me også kan finna i Arna, Laksevåg og Åsane (sjå eigne skisser for desse plassane). Fram til 1972 var Arna, Fana, Laksevåg og Åsane eigne kommunar, men frå og med då blei desse kommunane ein del av det såkalla Stor-Bergen, dvs. at dei høyrer til Bergen kommune. Desse fire nye delane av Bergen har hatt ei nokså samsvarande språkutvikling etter kommunesamanslåinga, og dei har alle fått bygdemåla sine påverka av bergensdialekten i

stadig større grad. I tillegg er det fleire på desse plassane som snakkar ein høgstatusvariant av bergensdialekten, heilt utan restar av det gamle bygdemålet. Dette gjeld i særskild stor grad for Fana. I hovudfagsoppgåva *Bruken av "finbergensk" blant ungdom i bydelen Fana* (1995) finn Ida E. Jorem ut at sosiolekten "finbergensk" vert nytta av nærmare ein tredjedel av Fanaungdomen. Dette er ein noko høgare del enn elles i Bergen kommune. I Fana som elles i bergensområdet, er det fleire jenter enn gutter som nyttar "finbergensk".

## 6.2. Yngre og eldre dialekt

På ein del punkt kan me sjå forskjellar mellom yngre og eldre dialekt. Med eldre dialekt meiner me her talemålet til dei som er fødde før krigen, mens yngre dialekt er talemålet til dei som er fødde etter krigen.

I eldre dialekt frå Fana finn me rulle-r. Yngre dialekt har skarre-r etter påverknad frå Bergen. Blant dei som enno nyttar det lokale bygdemålet, er det truleg få som stadig har den særmerkte ó-lyden intakt. Denne lyden har falle saman med å-lyden, for eksempel når det blir sagt *ståvo* der ein før sa *stóvo*.

Segmentering og differensiasjon finn me mest av i den eldre Fanadialekten. Her finn me:

*dn* for *nn*, *rn* (*fidna*, *bjødn*)

*dl* for *ll*, *ld* (*fjedl*, *sidl*)

*bm* for *mm* (*kåbma*)

*bn* for *mn* (*såbna*, *habn*)

Inkjekjønnsformer som *husę* og *eple* i bestemt form fleirtal blir venteleg nytta forsvinnande lite idag (jf. pkt. 4.2.a). Alt på 1950-talet registrerte Ivar Skre ein viss bruk av alternative former som *hövena* (hovuda) og *eplena*.

## 7. Dialektpørver

Slik kan to dialekttekstar sjå ut i det me kallar norsk lydskrift (Norvegia):

- Hva slags skole var det du gikk på når du vokste opp?
- *Då jekk eg på Søreide skule. Då va da dënn så va i da område her, å dënn e nå ein av di elstę skulane i Fana. Å ifrå Søviķę så va da nå litt avstamn å gå. Eg hadde barneårę i krigen. Å da va dëtta me sko å kle då, så litt me dënn skuleveien. Da huska eg nå eg skulle gå i trisko ifrå Søviķę te Søreio, så va da nåkk ja, mënn da va triveli å gått sammhål, å dei aller flestę hadde ett elle anna lokalt ęttenamn i – nårr eg starta skul'n i einåførti, å 'n ja en tåll fëmt'n i klass'n.*
- I din klasse?
- *Ja.*
- Men hvor mange klasser, var det bare en klasse på skolen, eller?
- *Nei, hette da fådelt? Fò fòstę klass'n va fàrr seg, andre og tręję i lag, fjerę å femtę i lag, å sjettę å sju'ndę i lag. Å då va da to lerara te dëtta her sånn att da va sjiftesvis, å enn møtte på skul'n a'nkvar dag.*

Denne dialektteksten finst også som lydprøve (sjå punkt 2).

Me har også ein dialekttekst med ein eldre informant:

*Ja da va so visst da att di sku sjyta åre inn, da va vell; mənn dynamitt'n va no þe oppfudd'n då, so di kudn no þe få sjyta mə dynamitt, mənn di hadde børsesköt, å so hadd no di pikstola å slikt nåke so di skaut no me – å skaut i hytt å ver, veit du, so mykkje di fekk da te smédla. Jau, jau, so va da ənn oppå Lilan, på hauen på Lilan – hann sku sjyta åre inn, so di sa. Å gamlinjen hann sat nøtt innfør å les tēkst'n, å sān'n hann stēlte sēg utför vēdden å sku sjyta. Mənn hēr va da əztt gammalt jevér, å skôte hadde ste i, da va munnladnijs dētta hēr, å mē samma hann smēlt av, dar spēnte børso. Å hann i vedden so da skaldra. Å da va små glas, å da va blyinnfatniða på rutena, å dar ķeme heila glase innøve aksl'na på hinn so sat i bēnķen å les. Mənn hinn les ut kapitt'l'le, hann, å so sei an te di andre i stōvo: De får gå ut å sjå kor da jékk mē hann so skaut sēg, sa an.*

Målprøve etter:

Skre, Ivar: *Fana-målet*. Utgitt av Instituttet for nordisk filologi, Universitetet i Bergen.

Bergen 1957: Beyer.

## 8. Kjelder med opplysningar om dialekten i Fana

Denne oversikta byggjer på materiale i Målføresamlinga, Nordisk institutt, Sydnesplassen 7, 5007 Bergen. Dessutan er det henta opplysningar frå skriftene nemnde nedafor. I desse kjeldene finn ein også fleire opplysningar enn det som er drege fram her. Ei liste over allmenn dialektlitteratur finn du her ➤ T[eigen art.] og om nordhordlandsdialekten her ➤ T [eigen art.].

Flesland, Ola L. og Rolv Skre: "Ordtøke på Fana-mål". I: *Heidersskrift til Gustav Indrebø*. Bergen 1939: Lunde forlag.

Hjellestad, Hermod: *Fana, band II*. Bergen 1933: Beyer.

Jorem, Ida Elisabeth: *Bruken av "finbergensk" blant ungdom i bydelen Fana – en sosiolingvistisk undersøkelse*. Hovudfagsoppgåve ved Nordisk institutt, Universitetet i Bergen. Bergen 1995.

Liland, Sigurd: "Ordtøke og småstubbar frå Fana". I: *Frå Fjon til Fusa 1971*. Årbok for Nord- og Midhordland Sogelag. 24. årgang.

Lønningen, Eiliv: "På sjoarveg langs Grøningjasund". I: *Frå Fjon til Fusa 1961*. Årbok for Nord- og Midhordland Sogelag. 14. årgang.

Skre, Ivar: *Fana-målet*. Skrifter utgitt av Instituttet for nordisk filologi, Universitetet i Bergen. Bergen 1957: Beyer.

*Eileen Svendsen*